

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og KRF fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner auka rekruttering til restaurant- og matfag er viktig for å møte kompetansebehov i regionalt arbeidsliv og støtte opp om Vestland som matfylke.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering, men fylkeskommunen skal delta aktivt i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.
3. Fylkeskommunen skal leggje til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Fleksibilitet i organiseringa av opplæringa som til dømes «Strynmodellen» og samhandling mellom vaksenopplæring og ordinær vidaregåande opplæring er døme på tiltak som kan sikre stabile tilbod i distrikta og bidra til auka rekruttering.
4. Avdelingsdirektøren følgjer opp resultatata i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev.»

### Avrøysting

Avdelingsdirektør sitt forslag fekk ingen røyster og fall.  
Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner auka rekruttering til restaurant- og matfag er viktig for å møte kompetansebehov i regionalt arbeidsliv og støtte opp om Vestland som matfylke.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering, men fylkeskommunen skal delta aktivt i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.
3. Fylkeskommunen skal leggje til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Fleksibilitet i organiseringa av opplæringa som til dømes «Strynmodellen» og samhandling mellom vaksenopplæring og ordinær vidaregåande opplæring er døme på tiltak som kan sikre stabile tilbod i distrikta og bidra til auka rekruttering.
4. Avdelingsdirektøren følgjer opp resultatata i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev